



FEDJE SOKN
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Alice Granøe, 33372329

Godkjenning av plan for utviding av Bøgardsvika gravplass i Fedje kommune

Viser til søknad om godkjenning av plan for utviding og vesentleg endring av Bøgardsvika gravplass i Fedje kommune, Vestland, dagsett 17. februar 2022. Viser òg til etterfølgande korrespondanse med kyrkjeverje Leif Arne Økland og Rune Tangen frå ARTEC som har utarbeidd gravplassplanen. Saka gjeld utviding av gravplassen og oppfylling av eit eksisterande gravfelt.

Vedtak

Statsforvaltaren godkjenner plan for utviding av Bøgardsvika gravplass, jamfør gravplasslova § 4 første ledd og gravplassforskrifta § 20 andre ledd, med følgjande vilkår:

- *Gravkart må bli laga i samsvar med SOSI-standard. Ei stadfesting på at dette er gjort må sendast Statsforvaltaren, saman med ein pdf-versjon av gravkarta.*

For informasjon om klage, sjå siste side.

Faglege råd

Vi har desse tilrådingane:

- For urnegravfelt bør stein med diameter større enn 30-40 mm bli fjerna for å gjera det enklare å bruka urnebor.
- Ved tilføring av nye jordmassar må det bli brukt godt eigna massar for nedbryting slik at det kan leggest til rette for gjenbruk av graver.
- Ved val av materialar, storleik og skrifttype til namneskilt må det bli lagt vekt på god lesbarheit.
- Ein eller fleire av benkane bør ha ryggstø og armlene av omsyn til eldre og andre med nedsett funksjonsevne.

Saksutgreiing

E-postadresse:

sfvtpost@statsforvalteren.no

Sikker melding:

www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:

Postboks 2076

3103 Tønsberg

Besøksadresse:

Grev Wedels gate 1,

3111 Tønsberg

Telefon: 33 37 10 00

www.statsforvalteren.no/vt

Org.nr. 974 762 501



Fedje sokneråd (lokal gravplassmyndigheit) vedtok plan for utvidinga den 8. februar i sak 04/22. Det er vurdert at det ikkje er behov for tilrettelagte graver. Planen vert lagt fram for helsevernet v/distriktslegen for uttale.

Statsforvaltaren gav den 18. november 2021 ein uttale til forprosjektet. I den reviderte planen er dei fleste av merknadene til statsforvaltaren følgt opp eller svart ut.

Omtale og vurdering

Bøgardsvika gravplass skal bli utvida mot nord med eit nytt kistegravfelt, eit urnefelt og ein namna minnelund. Eksisterande gravfelt E skal fyllast opp med jord slik at gravene der får tilstrekkeleg med jordoverdekning i samsvar med gravplassforskrifta § 13. Eksisterande steinmur mot nord skal bli fjerna og ny steinmur etablert rundt utvidinga. I aust skal ein fjerne granskogen som ligg mellom gravplassen og sjøen og tilbakeføre område til slik det var tidlegare. Ein eksisterande gangveg vil bli forlenga og gå mellom gravfelt E og nytt gravfelt F.

Planen verkar å legge til rette for ein god og tenleg utviding av gravplassen.

Gravfelt E

Planleggjar Tangen opplyser over telefon den 24. februar 2022 at grunnen på gravfelt E har sokke med åra og at det derfor må bli fylt på med jord, slik som vist på teikning *Tverrprofil akse F/1-9*, for å få tilstrekkeleg jordoverdekning over kistene. Gravminna vil bli mellombels fjerna og sat tilbake på same plass etter jordpåfyllinga. Det vil ikkje bli gjort endringar i gravkartet. Statsforvaltaren har tidlegare informert om viktigheita av god informasjon i forkant av prosessen og undervegs, til festarar og gravansvarlege i uttale av 18. november 2021.

Gravfelt F og G

Gravfelt F og G vil innehalde 94 kistegraver på 3 x 1,5 m og 40 urnegraver på 1,5 x 1,5. I den endelege planen har gravfelta fått større avstand til gjerde og gangveg.

På arealet for utvidinga skal det tidlegare vera deponert massar som er eigna for gravlegging etter at dei blir sålda og stein blir fjerna. For urnegravfelt bør stein med diameter større enn 30-40 mm bli fjerna for å gjera det enklare å bruka urnebor. Det skal i tillegg bli tilført nye jordmassar. Ved tilføring av nye jordmassar må det bli brukt godt eigna massar for nedbryting slik at det kan leggast til rette for gjenbruk av graver. I tillegg vil det bli nødvendig med noko sprenging av fjell.

Under gravfelta vil det bli lagt eit drenerande lag med steinmasser. Drenering er vidare varetatt gjennom fall i terrenget og to drenerør under gangvegen og langs muren i aust.

Namna minnelund

Aust på utvidinga, med utsikt utover havet, er det planlagt ein namna minnelund bestående av ein gruslagt plass med minnesmerke og benkar. Framfor minnesmerket vil det vera eit hellelagt areal. Søknaden kjem ikkje inn på kva slags type benkar som skal brukast, men ein vedlagt illustrasjon av minnelunden viser benkar utan ryggstøtte og armlene. Av omsyn til både eldre og andre personar med nedsett funksjonsevne bør ein eller fleira av benkane ha ryggstø og armlene. Som minnesmerke er det tenkt å bruke ein stor lokal skiferhelle. Framfor minnesmerket kan besøkande sette blomar og lys i ein løysning som vist på illustrasjonen.

Dei tilhøyrande urnegravfelta, gravfelt H1 og H2, vil ligge like nord for minnelunden. Dei vil kvar innehalde 18 urnegraver på 0,5 x 0,5 m. Til saman vil minnelunden ha 36 plassar. Nøyaktig storleik og utforming av namneskilta er ikkje bestemt ennå, men illustrasjonen viser korleis eit minnesmerke



kan sjå ut med 18 namneskilt i ein god storleik og viser at det er god plass 18 til. Ved val av materialar, storleik og skrifttype må det bli lagt vekt på god lesbarheit. Gravplassmyndigheita må òg vurdere om namneskilta kan ha eit eller to namn.

Universell utforming

I prosjektskildringa blir det opplyst om at stigingsforhold og breidder er innanfor krava til universell utforming. Gangvegen skal ha grusdekke og sidene mot graset markerast med ein kant av cortenstål med høgde på maks 2 cm. Det hellelagde arealet i minnelunden vil bli forsynt med fysiske ledelinjer fram til minnesmerket og benkar. Vi føreset at grusdekket blir fast nok for rullestol, rulator og liknande.

Felling av tre

I samband med utvidinga skal det bli felt eit område med grantre i aust mellom den eksisterande gravplassen og sjøen. Vegstasjon er ein viktig del av ein gravplass sitt visuelle uttrykk og hogging av eit heilt skoghaldt kan vera eit drastisk inngrep i korleis gravplassen verkar. I prosjektskildringa kjem det fram at dette er for å tilbakeføre området til slik det såg ut tidlegare, til den gang det nesten ikkje var tre på Fedje. Planen er å holde vegetasjonen nede framover slik at det blir betre samband mellom gravplassen og sjøen.

Gravkart

Gravkart i samsvar med SOSI-standard er ikkje laga, men skal ifølgje prosjektskildringa bli laga seinare. Foreløpig gravkart er lagt ved søknaden. På det foreløpige gravkartet for gravfelt H1 og H2 manglar det nummerering av rekke og kolonne. Vi føreset at dette vil bli ivaretatt slik at kvar grav får sin eigen ID.

Det er krav om at forvaltninga må (få) laga digitale gravkart i samsvar med SOSI-standard ved alle utvidingar, nyanlegg og andre vesentlege endring av gravplassar, sjå Gravplassforskrifta § 4 andre ledd. Nettstaden sosigravplass.no har meir informasjon om SOSI-standard. Her ligg det ressursdokument for å kunna utarbeida gravkart (standard, produktspesifikasjon og teikneregler). Dei digitale gravkart-filene bør ein verifisere via Statens kartverks verktøy «SOSI-kontroll». Forvaltninga må sende ein pdf-versjon av gravkartet til statsforvaltaren.

Lokale gravplassmyndigheiter kan i tillegg velje å sende inn gravplassdata som er etter standarden til innlevering@sosigravplass.no. Merk emnefeltet "Innlevering SOSI gravplass". I e-posten må det komma fram kven som er gravplassmyndigheit, namnet på gravplassen og kommunen.

Lovgrunnlag

Gravplasslova § 4 første ledd har føresegn om Anlegg m.v. av gravplass og krematorium. I første ledd står:

Anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravplass og bygninger på gravplass kan ikke skje uten etter tilslutning fra kommunen og med tillatelse fra statsforvaltere. Statsforvalteren kan sette vilkår for tillatelsen.

Utfyllande føresegn står i gravplassforskrifta § 2 første ledd:

Anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass skal skje i henhold til plan for gravplassen som vedtas av gravplassmyndigheten og godkjennes av statsforvalteren, jf. gravplassloven § 4 første ledd.

Og følgjande i § 20 andre ledd:



Andre minnesmerker enn gravminner kan bare plasseres på gravplass dersom statsforvalteren gir samtykke til det.

Godkjenning av ferdig opparbeida gravplassareal etter gravplassforskrifta § 6

Vi minner om at ut frå gravplassforskrifta § 6 så skal statsforvaltaren godkjenna ferdig opparbeidd gravplassareal før ein tar det i bruk. Dette kan forvaltninga gjere ved å senda ein e-post til sfvtpost@statsforvalteren.no med ei fråsegn om at minnelunden er ferdig i samsvar med tidlegare godkjente planar. Har det vore mindre endringar undervegs, så må ein greie ut om det. Kommunal ferdigattest er berre nødvendig om tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Innrappingering av ferdig opparbeidd gravplassareal er i tillegg nødvendig for å kunna halda KA (Arbeidsgivarorganisasjonen for kirkelige virksomheter) sin gravplassdatabasen og kartløyising «Gravplasser i kart» oppdatert.

Klage (§ 24 gravplasslova)

Lokal gravplassmyndigheit, kommunen og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Barne- og familiedepartementet. Ein rettar klaga til departementet, men ein sender ho til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, jamfør kap. VI i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker frå mottakinga av dette brevet.

Med helsing

Åse Skrøvset
fagsjef

Hege Alice Granøe
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Kopi til:

Kyrkjeverje Leif Arne Økland
FEDJE KOMMUNE

Stormarkvegen 49

5947

FEDJE